

Sofie Gading Torma, 03.02.2026

Me går på Danielsen Ungdomsskule Osterøy. Her er me ein godt blanda og mangfoldig elevgjeng frå mange ulike familiebakgrunnar. Elevane kjem frå Osterøy, Vaksdal, Arna og Åsane. I alle desse områda er det ingen alternativ til den offentlege skulen, utan vår skule. På Osterøy, Vaksdal og i Arna er det i tillegg berre ein offentlig ungdomsskule.

Det er ikkje alle som kjenner seg trygg, velkomen og inkludert på sin offentlig skule. Nokre elevar treng å skifta miljø og få ein ny start, etter for eksempel mobbing og utestenging. Det er i tillegg viktig med valfrihet. Og der det ikkje er fleire skular å velje mellom, vert det heller ingen konkurranse. Den offentlege skulen på Osterøy har sagt at dei har vorte betre etter at vår skule starta, og at dette har vore positivt.

Fleire av vår elevar seier at dei har fått større vennekrets frå fleire stader. For Osterøyelevar er det på vår skule mulighet til òg å verta med elevar frå andre kommunar, noko som er forfriskande og fint.

På ein liten skule som vår, kjenner me i elevrådet at det er lettare å vera med elevar på andre klassetrinn enn vårt eige. Me føler oss sett av dei vaksne, og me opplever oss viktige. Her er alle forskjellige, minst like forskjellige som på dei offentlege skulane me kjem ifrå. Her er elevar med heilt forskjellig tru, interesser, legning og meiningar.

Dei vaksne er veldig opptatt av at me alle har det bra, uansett kven me er. Me er heilt imot at friskulane vert halde utanfor begrepet Fellesskolen.

Det er heilt merkeleg at de snakkar om inkludering og fellesskap, men utelukkar 5 % av alle elevane i Norge. Kva inkludering er dette?

Me er ikkje ein trussel mot offentlige skular, men er med å gjere desse skulane betre ved å bidra til mangfold og konkurranse. Og her på skulen er det eit fellesskap på tross av heilt ulik bakgrunn på elevane.

Me vil verta inkludert i begrepet fellesskolen, og verta repsektert for den me er!

Helsing frå elevrådet ved Danielsen Ungdomsskule Osterøy
V/ elevrådspresident Sofie Gading Torma, 3.02. 2026